

Vil de vera dugnadshjelp på kunstgrasbanen?

27.09.2015



Her blir det fint, grønt kunstgrasdekke i løpet av veka. Vil de vera med å hjelpa?

Framdrifta av aktivitetsanlegget med kunstgrasbanen ved skulen har vore svært god. Tirsdag morgon strartar dei med legginga av kunstgrasdekket på banen, og i løpet vil det vera på plass. Til arbeidet trengst det også dugnadshjelp, og i samband med arbeidet som skal føregå, har Odd Steinar Arnesen sendt oss dette informasjonsskrivet:

Etter ei lita forsinking kjem vi til å starta med legging av kunstgras på grusbanen frå og med tysdag morgon. Dugnadsvilja har under grunnarbeidet vore god, noko vi set stor pris på. Dei aller fleste laga under fotballgruppa har fått vore med på dette arbeidet, og den ordninga har fungert godt. Vi har likevel fått nyss om at fleire/andre ønskjer å bidra, og det er vi veldig glade for. Difor går vi no ut med ei oppfordring via nettsida uskedalen.no.

Leverandøren av kunstgraset kjem med 2 menn og ønskjer at vi stiller med 3 kvinner/menn i tillegg. Arbeidet vil gå føre seg frå ca. 08.00-18.00 dei dagane legginga pågår, i utgangspunktet 3 dagar (om vêret er godt). Her er det mulighet for å vera med ein eller fleire dagar. Dei som tidlegare har bidratt, er sjølvstøtt velkomne igjen.

Om du ønskjer og har mulighet til å vera med på å ferdigstilla kunstgrasbanen, så ta kontakt med Odd Steinar (907 22 766).

Mvh
Odd Steinar.

Nett og foto: Thor Inge Døssland.